



Vang kommune

Ungdomsrådet

Møteprotokoll

Møtedato: 24.04.2026
Møtetid: Kl. 09:30 - 11:30
Møtestad: Vang kommunehus - Skutshødn

Frammøte

Even Neshagen
Thias Tørstad
Ylva Solemsli

Parti

Forfall

Emma Isabell Kvale
Erlend Søndrol Nickelsen
Thea Søndrol Nickelsen
Jørand Ødegård Lunde

Parti

ANDR

Varamedlem møtte

Agnes Brekke-Dervola

Parti

Møtenotater:

Orienteringar:

- Besøk av politikontakt Svein Tvenge kl.9.30
- Status Ung-App

Ungdomsrådet skal i møte starte arbeidet med å utarbeide handlingsplan for resten av perioda (2026-2027).

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
009/26	Godkjenning av møteprotokoll
010/26	Spørjetimen for ungdomsrådet
011/26	Innspel frå ungdomsrådet til Bufdir-søknad
012/26	Samlesak for referatsaker

009/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

24.04.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

UNG - 009/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

010/26 Spørjetimen for ungdomsrådet

Spørsmåla og eventuelle svar blir protokollført

24.04.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ylva Solemsli: Kva er status på ULF-midlar?

Svar:

Det er sendt søknad om å vidareføre 50 000 kr for ungdomsrådet i Vang frå i fjor til i år. I tillegg er det søkt regionalt på vegne av alle ungdomsråda, med eit samla beløp på 300 000 kr til prosjekt og arrangement for ungdom i Valdres.

Det er foreløpig ikkje kome svar på søknaden.

UNG - 010/26 Vedtak:

011/26 Innspel frå ungdomsrådet til Bufdir-søknad

Framlegg til vedtak:

Vert langt fram utan vedtak

24.04.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet drøfta saka og peika på fleire utfordringar og behov. Det vart mellom anna vist til at det kan vere utfordrande å kome seg til aktivitetar, og behov for betre transportordningar. Ungdomsrådet peika òg på ønskje om fleire aktivitetar i feriar, særleg i sommarferien, samt utfuktsturar, til dømes tur til Hamar.

UNG - 011/26 Vedtak:

Saka vart drøfta utan at det vart fatta vedtak

012/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

24.04.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet hadde besøk av Svein Tvenge, politikontakt i Vang. Tema for møtet var førebygging knytt til rus og trafikk.

Svein Tvenge orienterte om situasjonen for ungdom, rus og trafikk i Valdres. Han var positiv til å få til eit trafikksikkerheitskurs for ungdomstrinnet ved VBU, med hovudvekt på haldningar i trafikken. Ungdomsrådet vil kome attende etter å ha avklart dette med skulen.

Når det gjeld førebyggjande kurs om rus, tilrådde Tvenge at dette vert gjennomført av ein annan instans med særskild kompetanse, til dømes RVTS Øst eller Sykehuset Innlandet.

Ungdomsrådet avlyser møtet 23. mai, då det vert felles møte på Fagernes 29. mai.

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

UNG - 012/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering